Voss herad

03.11.2026

MOGLEGHEITSSTUDIE BJØRKEMOEN, VOSS



Voss Herad på vegne av:

Bjørke Sandtak AS
BIR AS
Voss herad

Jordnær innovasjon på Voss
Voss er eit viktig knutepunkt, både for persontransport, næringsliv og logistikk. Med sentral plassering i det indre Vestlandet mellom Bergen, Hardanger, Sogn og Austlandsregionen, har Voss ei strategisk rolle som regionssenter og bindeledd mellom fleire marknadar og regionar.



Landbruksbygda Voss, foto S. Ulvund

Landbruket har i uminnelege tider vore den sentrale næringa på Voss. Me ynskjer å byggja vidare på denne arva og utvikla ny sirkulær næring på naturens premissar, der landbruk og industri, teknologi og tradisjon spelar på lag.


Grått, nedbygd næringsareal med store ressursar
Bjørkemoen er eit stort industri- og næringsområde (ca 570 daa) sju kilometer frå Vossevangen og området ligg strategisk til med kort avstand til hovudvegnettet. Bjørkefamilien har sidan 1950-talet drive grustak og avfallshandtering på området, saman med anna arealkrevjande aktivitet. Området er ein del av Voss herad og grunneigarane si satsing på sirkulær industri. I 2025 opna BIR AS biogassanlegget som handterer husdyrgjødsel og matavfallet frå 400 000 innbyggjarar i regionen. Det er påvist store grunnvass-/grunnvarmeressursar i området med potensiale for energiutnytting. Dette vil vera eit viktig premiss i utforminga og planlegginga av området.

Delar av arealet er i dag avfallsdeponi der det må takast særlege omsyn til miljø, stabilitet og tryggleiksmessige tilhøve. Dagens aktivitet knytt til uttak av mineralressursar vert i dag drive av NOBI, og det er framleis store sand- og grusressursar att i området som over tid skal hentast ut. Det samla området er eigd av Bjørkemoen Sandtak AS, BIR AS og Voss herad.



Bjørkemoen og viktige aksar og knutepunkt


Ambisjonen for området er å utvikla sirkulære næringar, industriell symbiose og ressursbasert næringsverksemd som skapar nye koplingar mellom aktørar og verdikjeder i heile regionen, og leggja grunnlag for auka verdiskaping både lokalt og regionalt. Eit grått og nedbygd areal skal utviklast til ein framtidsretta, grøn industripark der berekraft, innovasjon og natur går hand i hand. Målet er å forma eit levande industriområde som inviterer naturen inn og koplar bygda og omverda på.



Gevinstrealisering ved å invitere naturen inn og kople bygda på

Industriell symbiose som prinsipp for utviklinga

Voss Virka AS er etablert av Voss herad og BIR AS for å operasjonalisera den felles strategien om å etablera sirkulær industri knytt til biogassanlegget på Bjørkemoen. Arbeidet er forankra i SNU Voss – den strategisk næringsplanen til Voss herad og i konsernstrategien til BIR. Satsinga på næringsutvikling på Bjørkemoen er forankra i kommunen sin samfunnsplan og arealplan som no er ute på høyring.



Målet med Voss Virka er å få fleire og betre produkt ut av dei biobaserte ressursane som kjem inn i parken slik at fleire aktørar kan nytta sidestraumane til dei andre

Voss Virka skal byggja ein lønsam, sirkulær og regenerativ bioøkonomi gjennom koplinga mellom jordbruk og industri. I tråd med vedtektene skal selskapet bidra til etablering av partnarskap, nyetableringar og innovasjonsprosjekt, sikra offentleg og privat finansiering, og initiera samarbeid for felles verdiskaping, utvikling av fellestenester og ei heilskapleg utvikling av området. Konkret arbeider Voss Virka mot å:

- etablera minst éin industriell aktør innanfor dei definerte verdikjedene på Bjørkemoen i løpet av tre til fem år
- auka verdien av bioresten frå biogassanlegget og styrkja verdiskapinga i landbruket
- utvikla Innovasjonshuset Bjørkemoen 46 (BM46) til eit levande innovasjonsmiljø og ein inngangsport til bioparken
- henta inn ekstern finansiering som utløyser aktivitet og investeringar hos aktørane i parken

Selskapet har ingen eigne tilsette. Prosjektleiing og prosjektutvikling er leigde inn, og drifta er finansiert gjennom prosjektmidlar.

Verdikjedene i Voss Virka



Satsinga i Voss Virka er verdikjedene knytt til biogass, mat- og fôrproduksjon, gjødsel- og jordforbetring og avfallshandtering

Dagens aktørkart

Aktørane i Voss Virka

BIR

Invertapro

Bjørke Sandtak A/S Eigedomsselskap

VOSS Biogjødselsforum

Voss herad

Nyetableringar i Innovasjonshuset

VOSS MICROZ – frisk lokal supermat frå Voss

Geoterm.energy

Mosa.Norway

ATT BRUK

JCS AS

NoLuck

Hardanger SAND OG KOMPOST

Andre aktørar på Bjørkemoen

NOBI

RAGNA SELLS Autoparts

BIR BEDRIFT

VOSS BILBERGING AS

NAF Øvingsbane Voss

Voss Virka:
BIR
Invertapro
Bjørke Sandtak AS
Voss Biogjødselforum
Voss herad

Nyetableringar i innovasjonshuset:
Voss Microz
Geoterm Energy
Mosa Norway
Attbruk
JCS AS
Noluck
Hardanger sand og kompost

Andre aktørar på Bjørkemoen:
NOBI
Ragn Sells
Ragns Sells Autoparts
Voss Bilberging AS
Bjørke Invest AS
NAF Øvingsbane Voss

Aktørane i Voss Virka

Per i dag er følgjande aktørar ein etablert del av Voss Virka:


- BIR sitt biogassanlegg (opna desember 2025, produserer biogass, flytande biogjødsel og fast biogjødsel frå organisk avfall)
- Invertapro (larveproduksjon basert på organisk avfall, med planar for nytt og større anlegg)
- Innovasjonshuset BM46, eit eksisterande kontorbygg/næringsbygg med varme- og kjølebehov; inneheld Invertapro sine produksjonslokale, Voss Microz sin produksjon og verkstadshallar for BIR. Det er også fleire andre grunderaktørar som har kontor i bygget.
- Bjørke Sandtak AS er ein av grunneigarane i området og ein viktig pådrivar og bidragsytar til vidareutviklinga i området.



Dagens anlegg for biogassbehandling av matavfall og husdyrgjødsel


Under utgreiing:

- Veksthusanlegg, med stort varme- og kjølebehov og moglegheit for CO2-utnytting frå biogassanlegget
- Heilskapleg energisystem: kjøling og varme med utgangspunkt i grunnvarme-ressursane
- Andre potensielle aktørar som algeblomstring, tørking, pyrolyse og komposteringsanlegg mm
- Endring av gjenvinningsstasjonen og utviding av biogassanlegget.
- Avslutningsplan for deponiområdet. Deponiområdet kan ha behov for varige areal til overvaking, drift, tilkomst og tekniske installasjonar etter avslutting.



Figuren ovanfor er ein illustrasjon av moglegheitsrommet som skal utforskast.

Framtidas industri – verdsmeistrar i industriell symbiose
Aktuelle aktørar i området har energibehov (varme, kjøling, el) og ressursstraumar (organisk avfall, overskotsvarme, CO2, biogjødsel) som potensielt kan nyttast i eit fellessystem. Moglegheitsstudien utarbeider ein heilskapleg disposisjonsplan som syner korleis området bør utviklast for å få mest mogleg ut av dei lokale ressursane. Beredskap knytt til energi og forsyningstryggleik er eit viktig fundament i planlegginga av området.



Studien syner korleis industriaktiviteten er organisert og vert kopla mot næringsliv, bygda og naturen


Bjørkemoen er i dag eit grått areal prega av mange års uttak av grusmassar og drift av renovasjonsanlegg. Studien syner korleis eit område for industriell symbiose og sirkulere resursstraumar kan få eit nytt fysisk og arkitektonisk uttrykk som koplar på resten av bygda – økonomisk, ressurssmessig, romleg og opplevingsmessig, samstundes som dagens aktørar og deira behov vert tatt omsyn til. Produksjonen og innovasjonen i området kan knytast saman med bygda på ein måte som stimulerar til industriell knoppskyting, innovasjon, læring og utvikling.

Vidare synast det korleis dei naturgitte kvalitetane i området kan styrkast og stå i eit meiningsfullt forhold til aktiviteten. Potensialet som ligg på Bjørkemoen for eit grønt industriområde med rekreasjons – og opplevingsmessige kvalitetar omtalast og illustrerast. Fysiske samanhengar til omkringliggjande offentlege naturområde slik som Raundalselva, Bømoen osv undersøkjast. Det utarbeidast illustrasjonar som syner nær- og fjernvirkning av området.



Eksempel på natur som premiss i utforming av industriområde. The Plus, BIG arkitekter.

Studien utarbeider eit tydeleg konsept for logistikk som syner både intern flyt samt eventuelle nye tilkomstar til området knytt til viktige aksar og kommunikasjonsnodar. Bevisstheit omkring grad av offentlegheit og eventuelle krav til fysisk skjerming opp mot dei ulike aktivitetane vurderast.



Voss Virka har allereie eit samarbeid med Newton-rommet på Voss Gymnas. Kunnskapsformidling og nyskaping er ei viktig satsing i Voss Virka

Prosess
Leverandøren legg opp gjennom prosessen til tett dialog med grunneigarane, Voss Virka og eksisterande verksemder på Bjørkemoen.

Moglegheitsstudien legg til grunn ei heilskapleg vurdering av kva som er den beste og samla utviklinga for Bjørkemoen, også der dette kan utfordra dagens arealbruk eller organisering av eksisterande aktivitetar.

Mogelegheitstudien blir eit døme på korleis Voss herad kan nå sine klimamål, mål om sirkulær industri og mål om arealnøytralitet skal praktiserast.

Samarbeid
Oppdragsgjevarane ynskjer eit team som kan utarbeida ein visjon og ein heilskapleg plan for Bjørkemoen, med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaga som er utarbeida for området. Det er viktig at teamet har forståing for heilskap og sirkulær industriutvikling. Det er også viktig at kunnskap om korleis dei ulike komponentane på Bjørkemoen skal spela saman ligg til grunn.

Oppdragsgjevarane vil støtta valt team med fagkompetanse på grunnforhold, energi, sirkularitet og dei aktuelle aktørane (som ynskjer å flytta inn) sine behov og føresetnader for å inngå i den sirkulære klynga på Bjørkemoen.

Parallelt med dette moglegheitsstudie pågår det forskingsprosjekt på grunnvatn samt utarbeiding av grunnlag/ case for kvar av dei bedriftene som vurderer å etablera seg. Desse arbeidsprosessane vil koplast til prosessen og gjerast tilgjengeleg for valt team.

Prosess / fasar
Arbeidet med studien startar opp i januar med innlevering og presentasjon i april 2027. Prosessen legg opp til to viktige milepelar, oppstartsmøte og midtvegsseminar, med oppmøte på Voss. Moglegheitsstudien vert avslutta med ein presentasjon av moglegheitsstudie på Teams, for inviterte av oppdragsgjevarane.

Etter tildeling i desember 2026 inviterer oppdragsgjevarane til eit kort introduksjonsmøte på Teams, med presentasjon av deltakarar og moglegheit for spørsmål og avklaringar.

Fase 1 – utarbeiding av moglegheitsstudie (denne konkurransen)

Kunnskapsgrunnlag og oppstart
Arbeidet startar med at det valde teamet set seg grundig inn i føresetnader og kunnskapsgrunnlaget, som omfattar rapportar og analysar om grunnforhold, grunnvatn, energi, natur og andre gitte føresetnader.

- Vinnaren av konkurransen vert invitert til Voss for eit oppstartsmøte med synfaring i området.
- Det vert halde møte med sentrale aktørar, deriblant Voss herad, Voss Virka, grunneigarar, lokale fagpersonar og andre interessentar.
- Dei naturgitte føresetnadane og moglegheitene i området vil vera førande for heile løysingsforslaget.

Medverknad og lokale verdiar
Det blir lagt opp til ein kompakt og effektiv prosess med to viktige medverknadsmøter. Det er eit særskilt poeng å ivareta behova til grunneigarar og forstå potensialet knytt til energi, vatn, natur, næring, kompetanse og identitet i Vossabygda. Dette krev tett dialog og god medverknad frå lokal kompetanse.

Visjon og konseptutvikling
Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget utarbeidast det ein tydeleg visjon for Bjørkemoen. Visjonen synar:

- Retninga ein ønskjer å ta for området.
- Korleis Bjørkemoen kan bli eit framtidsretta industriområde tufta på industrielle symbiosar.
- Kva meirverdi området kan tilføra både Bjørkemoen og heile Vossa-samfunnet.

Til midtvegsseminar legg valt team fram minimum 3 visjonar som vert grunnlaget for å velja ein visjon ein går vidare med og presentera i løysingsforslaget.

Hovudleveranse
Leverandøren utarbeidar ein situasjonsplan (disposisjonskart) med tilhøyrande konsept. Planen syner:

- Utviklinga av området i ulike trinn.
- Korleis funksjonar er plassert for å ivareta dei naturgitte føresetnadane.
- Løysingar for energi, vatn, infrastruktur, natur og næring.

Fase 2 - Vidare prosess

Moglegheitsstudien kan bli fylgd opp med tildeling, der det valde teamet får det vidare oppdraget med sjølve prosjektet og utarbeidinga av reguleringsplanen.

Denne fasen er ikkje del av denne utlysinga, men bygger på den, som eit neste steg. Oppdragsgjevarane har rett, men ikkje plikt til å tiltransportera vinnar til fase 2 av denne konkurransen. Dette avheng av prosessen og andre avklaringar som skal skje fram mot april 2027.

ADMINISTRATIVT

Leveranse

- Situasjonsplan for Bjørkemoen
- Temakart for
    - Konseptkart for energiløysinga
    - Konseptkart for sirkulære klyngeaktørar
    - Moglegheitsbasert utvikling med grunnlag i lokale ressursar og fordelinga av dei
    - Infrastruktur (både internt i område og til omkringliggande områder)
    - Natur
    - Offentleg (utadretta) /privat (innadretta) område
    - Påkopling felles infrastruktur
        - *(ikkje utfyllande liste som skal vurderast i prosessen)*
- Konsept/visjon scenario for Bjørkemoen.
  (Her leggast det fram 3 – 5 ulike visjonar for område til midtvegsseminar, der ein vel ein som skal inngå og presenterast til slutt.)
- Visualisering og illustrasjonar
- Trinnvis utviklingsplan for Bjørkemoen
- Tidslinje: 5 – 10 – 15 år
- Innbyrdes samanheng – utviklingslogikk. Arealdisposisjonen må sjåast i samanheng med avtalar om fristilling mellom grunneigar og rettshavarar. Alternativsvurdering fram mot midtvegssamling – vidare arbeid med eitt anbefalt scenario.

Honorar
Oppdraget (fase 1) har ei ramme på kr 400.000,-

Honoraret er inkludert to reiser til Voss (oppstartsmøte og midtvegsseminar). Oppdragsgjevarane ynskjer at teamet stiller med minimum to personar i desse møta. Utover det styrer tilbydar kor mange ein ynskjer å stilla med.

Opsjonar
Opsjonen kan omhandla vidare arbeid mot ny reguleringsplan, og/eller realisering av konkrete prosjekt i parken.

Oppdragsgjevarane kan bestilla vidare arbeid som byggjer vidare på mogelegheitsstudien for Bjørkemoen. Dette kan vera rådgjeving, vidare utgreiing eller konkret prosjektering. Eit slikt arbeid kan omfatta undesøking om alternativ plassering av funksjonar, arealbehov, rekkefølge for utvikling og korleis ulike tiltak er avhengige av kvarandre.

Moglege leveransar vil då vera vurderingar av alternativ, revisjonar eller vidareutvikling av løysingsforslag.

Det kan og vera aktuelt å gå vidare med skisseprosjekt for nokre fysiske tiltak. Til dømes konkrete prosjekt for nyetablering av næringsaktørar, internvegar og tilkomst, uteområde, landskapstiltak og liknande. Mogelege leveransar vil då vera situasjonsplan, skisser, prinsippsnitt og overordna kostnadsberekningar for tiltaka. Omfanget vil vera på eit overordna utgreiings- og konseptnivå, ikkje reguleringsplan eller detaljprosjektering.

Framdrift – fristar

Fase 1	**Infomøte teams**	**16.12.2026 (førebels)**	**Introduksjon til oppgåva.**
	Gjennomgang av eksisterande kunnskapsgrunnlag, med rapportar og analysar som skal leggast til grunn for studien.		Forstå naturgitte føresetnader - dette styrer utforming av området
	Medverknad med grunneigarar, kommune og andre viktige aktørar (Voss Virka mfl).		Forstå behov og mål hjå grunneigarar
	Utarbeiding av løysningsforslag for nye Bjørkemoen. Her framgår løysingsforslag for anlegget, med disposisjonsplan og overordna		Utarbeida eit disposisjonskart der ein plasserer funksjonar i området for å ivareta dei naturgitte føresetnadane, samt utvikla visjon for området.

	grep / konsept for området tydleg.		Utarbeida visjon / konsept for Bjørkemoen
	Midtvegspresentasjon. Legga fram 3 - 5 alternative visjonar for Bjørkemoen og kva rolle Bjørkemoen spelar i Voss herad. Det vert opna for diskusjon og innspel, som teamet innarbeidar før ferdigstilling.	25.02.2027 (Siste del av februar 2027).	På Voss. Her vil ein invitera med grunneigarar, fagfolk og andre interessentar.
	Val av Visjon. På bakgrunn av midtvegsseminar.		
	Innlevering av studien.	Til påske 2027	
Fase 2 *(ikkje del av denne studien, men kan tiltransporterast valgt team)*	Kontrakt		*Mogleg tiltransport til vidare oppdrag (fase 2).*
	Oppstart av reguleringsarbeid og prosjekt.		